

Fra: Jensen May Britt [may.britt.jensen@fmro.no]

Sendt: 28. februar 2010 18:18

Til: Postmottak FKD

Kopi: FM Rogaland A Arkiv; ole.damm.kvilhaug@rogfk.no; Givskud Henriette

Emne: uttale til FKD - forslag til forskrift om tidsfristar i behandling av akvakultursaker (vår ref 09/16720-1) FKDref: 200600549

Fiskeri- og kystdepartementet

Uttale til forslag om ”forskrift om tidsfrister i behandling av akvakultursøknader” (dykkar ref: 200600549- / RM)

1. Fylkesmannen i Rogaland er i utgangspunktet positiv til sakshandsamings-fristar – dersom det vert følgt opp frå sentralt hald med tilstrekkelege økonomiske ressursar til embetet for å handtere godt og vedlikehalde eit tilstrekkeleg fagmiljø for å vurdere og gje uttale til akvakultursaker samt handsame utsleppsøyve i slike etter forureiningslova. Ei løysing på dette kan vera at Fylkesmannen får skrive ut sakshandsamingsgebyr som dekkar fullt ut kostnadane til handsaminga og oppretthalding av fagmiljøet. Dette må gjelda både for handsaming etter forureininglova (som er eit gebyrsystem for i dag som delvis indirekte dekkar delar av kostnadane) og for uttale om naturforvaltnings- og andre miljøverknader til akvakulturlova. Det kan vera ein ide å lage ein parallell til det kommunale gebyrreglementet etter plan og bygningslova. Sanksjonsprinsippet i byggesaker - der søkjar har rett til å få tilbakebetalt gebyr dersom fristen vert overskriden - er også interessant i denne samanheng. Søkjar må likevel vente til han har fått løyve, sjølv om fristen vert overskriden.
2. For Rogaland sin del, er det ingen grunn til å tru at overføring av oppgåver innan akvakultur frå Fiskeridirektoratet til Rogaland Fylkeskommune, vil medføre lengre sakshandsamingstid. Tvert i mot vil det her være grunnlag for effektivisering av arbeidet grunna nærleik og gode tradisjonar for samordning mellom Fylkesmannen og Fylkeskommunen. Rogaland Fylkeskommune har og raskt fått på plass godt kvalifisert personell til å gjere denne jobben og har etablert god kontakt med både næring og anna forvaltning innan området – inkludert miljøvernavingdelinga hos fylkesmannen. Innføring av sakshandsamingsfristar, bør ut frå dette avventast til me har noko erfaring med den nye forvaltningsmodellen. Forvaltningslova sine reglar om ”ikke ubegrunnet opphold” vil gjelde uansett. Det vil og vera tilstrekkeleg heimel i forvaltningslova for fylkeskommunen å setje ein rimeleg høyringsfrist for dei organa som skal gje uttale, td 30 dagar eller 6 veker hvis saka hastar – eller inntil 3 mnd om den ikkje gjer det eller det skal vera offentleg ettersyn samtidig. Me kan ikkje sjå at det krev eiga forskrift for å setja ein slik samordna frist. Sanksjonar for overskriding av frist, vil nok kreve forskriftsheimel.
3. Gjennom ei god regional og kommunal arealplanlegging i sjø, vil ein kunne få til ein rask vurdering i kurante saker som vil spare tid for alle partar. Dette er særleg aktuelt å vurdere no i regionale planar som skal utarbeidast i tråd med vassrammedirektivet. Forvaltningsplanar for

vannområde som dekkar heile kysten skal utarbeidast innan få år. Innanfor kommunar som nyttar høvet i ny plan og bygninglova til å planleggja detaljert for ulike typar oppdrett i sjø – og også oppdrettsfrie soner - bør ein kunne oppnå sterk effektivisering av søknadstid. Men kommunar som ynkjer å halde alle område opne for akvakultur, må også forvente at handsaming etter særlov tar lengre tid fordi det ikkje er gjort tilstrekkelege interesseavvegingar i sjøområda kommuneplan.

4. Slik me forstår forslaget, skal tidsfristane berre gjelda klarering av lokalitetar som er godkjende etter plan og bygningslova. Det er svært viktig å få dette fram for næringa og kommunane, slik at lokalisering av oppdrettsanlegg vert vurdert nøye i kommuneplanssamanheng.

5. Me reknar med at lokalisering i strid med kommuneplanens araldel, framleis må søkja dispensasjon i kommunen før søknad etter akvakulturlova kan ta til. Det er vidare viktig å skilje på sakshandsamingstid etter kor detaljert lokaliseringa er avklart i gjeldande kommuneplan. I ein kommunplan som nyttar høvet fullt ut med underformål innan akvakultur og ( § 11-7 plan og bygningslov) vil offentleg ettersyn etter plan og bygningslova og forureiningslova kunne vurderast utelate. Berørte partar kan varslast direkte, slik ein gjer i ei byggesak gjennom nabovarsel. I ein kommune som opnar for akvakultur i store område i kombinasjon med andre føremål , så kan ein ikkje gje løyve utan nye offentlege ettersyn. Avklaring etter akvakulturlova, vil her måtte ta meir tid og ikkje minst – bli meir uforutseieleg.

6. Fristane for kommunane må søkjast harmoniserast med fristar i plan- og bygningshandsaming. Ein frist på 12 veker er ikkje fornuftig. Godt planavklarte lokaliseringar vil kunne ha korte fristar i kommunen og hos sektormyndigheitene – fordi desse er avklarte i ein tidlegare planprosess. Lite planavklarte lokalitetar i fleirbruksområde må gjerast offentleg kjent og det må setjast av nok tid etter merknadsfristen til å gjera ein god vurdering også av sektormyndigheitene av innkomne merknader . 4 veker er då ikkje nok i etterkant for vurdering i konfliktfylke saker med mange merknader.

7. Forholdet mellom sakshandsaming etter akvakulturlova og forureiningslova evt andre lovverk må vurderast i forhold til tidsfristkrav. Ei forskrift om sakshandsamingsfrist for handsaming av akvakultursaker, bør vera heimla i alle aktuelle lovverk dersom den skal kunne verke effektivt. Det krev sannsynlegvis ein ny utgreiing og høyring. Alternativt må forhold etter plan og bygninglova, havne- og farvannslova og forureiningslova vera avklart på førehand. Det vil neppe verke effektiviserande.

8. Med høge ambisjonar i nasjonal bærekraftstrategi for havbruk, ny naturmangfoldlov og den sterke vektinga i akvakulturlova på miljøvurderingar, bør ikkje løyve gjevast av fylkeskommunane utan at uttale frå Fylkesmannen og Fiskeridirektoret er gitt – eller det er gitt tilbakemelding om at det ikkje vil koma uttale. Det er svært viktig for Norge sitt omdømme

som fiskeri- og oppdrettsnasjon, at me ikkje får uheldige lokaliseringar der oppdrett er i sterk  
konflikt med villfiskinteresser eller andre nasjonale naturverninteresser.

May Britt Jensen  
fylkesmiljøvernsjef

Fylkesmannen i Rogaland